

## RAMMEAFTALE

MELLOM

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE OG**

**STATENS VEGVESEN REGION VEST**

**Versjon 3.0 april 2018**

**Vedtatt av fylkestinget i juni 2018**

**Gjeldande fra 01.08.2018**

**Avtalen fastset rammevilkår og retningslinjer for samarbeidet mellom partane i samband med planlegging, gjennomføring av investeringsprosjekt, forvaltning, vedlikehald og drift av fylkesvegar**

1	Partane .....	4
2	Samarbeid om fylkesvegar .....	4
3	Føremål.....	4
4	Rolle- og oppgåvedeling .....	4
5	Finansiering .....	5
5.1	Sams vegadministrasjon .....	5
5.2	Finansiering av drift og vedlikehald .....	5
5.3	Finansiering av investeringar .....	5
5.4	Generelle reglar .....	6
6	Økonomiske fullmakter .....	7
6.1	Innleiing .....	7
6.2	Kontraktar.....	7
6.3	Kjøp og sal av eigedom.....	7
6.4	Erstatning utanfor kontrakt og avkall på krav.....	8
7	Andre fullmakter .....	8
8	Styring.....	8
8.1	Styring av bompengepakkar for fylkesveg .....	8
8.2	Styring av store prosjekt .....	9
8.3	Rekneskapsprinsipp .....	9
9	Rapportering .....	10
9.1	Tertiell- og årsrapportering .....	10
9.2	Oppfølging av rapportering .....	10
9.3	Sluttrapportar.....	10
9.4	Leveranseavtale .....	11
9.5	Avvikshandtering .....	11
9.6	Årsmelding .....	11
9.7	Anna rapportering .....	11
10	Endringar i avtalen.....	12
11	Avtalelengd.....	12
12	Underskrift.....	12
13	Vedlegg 1:.....	13
	Rolle- og oppgåvedeling mellom HFK og SVV Region vest .....	13
13.1	Bakgrunn: Generelt om rolle- og oppgåvedeling .....	13
13.2	Kontraktar for drift og vedlikehald .....	13
14	Vedlegg 2: Fullmaksstruktur .....	20
14.1	Bakgrunn.....	20

14.2	Vidaredelegering .....	20
14.3	Fullmakter relatert til anskaffingar .....	21
14.4	Grunnverv og eigedomsforvaltning .....	22
14.5	Prosjektering og bygging av veg .....	24
14.6	Brannvern i tunellar, el-anlegg, elektronisk kommunikasjon.....	24
14.7	Forvaltning av vegar.....	25
14.8	Erstatning utanfor kontrakt .....	27
14.9	Administrative støtteprosesser .....	29

## 1 Partane

Partane i denne avtalen er Hordaland fylkeskommune (HFK) og Statens vegvesen (SVV) Region vest.

## 2 Samarbeid om fylkesvegar

Samarbeidet om fylkesvegar er forankra i Vegloven §10.

Samarbeidet mellom Partane om fylkesvegar vert regulert gjennom ein rammeavtale og årlege leveranseavtalar. Leveranseavtalen spesifiserer Partane sine rettar og pliktar kring leveransar og økonomiske forhold det enkelte år. Begge partar har ansvar for gjensidig informasjon og samarbeid knytt til forhold som har betydning for fylkesvegane, inkludert forhold som ikkje er direkte regulert i denne avtalen. Fylkesvegrådet (FVR) er arena for dette samarbeidet. Fylkesdirektør samferdsel og Avdelingsdirektør for vegavdeling Hordaland, Region Vest stiller i dette møtet med relevante ressursar.

## 3 Føremål

Føremålet med rammeavtalen er å:

- Avklare Partane sine roller (rettar og plikter) i samband med avtaleforholdet
- Sikre eit positivt og konstruktivt samarbeid mellom Partane

## 4 Rolle- og oppgåvedeling

Det er utarbeidd rolle- og oppgåvefordeling mellom Partane på følgjande område:

- Kontakt med eksterne aktørar (kommunar, regional stat, næringsliv, m.m.)
- Planlegging
- Budsjettarbeid
- Leveranseavtalen
- Investeringstiltak
- Drift/vedlikehald
- Økonomistyring/rapportering
- Forvaltningsoppgåver
- Kriseberedskap og ROS-arbeid
- Informasjon
- Ferjedrift
- Trafikktryggleik

Sjå vedlegg 1 til denne avtalen (rolle- og oppgåvefordeling mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen Region vest) for nærmere omtale og definering av oppgåve- og ansvarsdelinga mellom Partane på desse områda.

## 5 Finansiering

### 5.1 Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen Region vest sine ytingar i Sams vegadministrasjon vert finansiert av staten. Dette inneber mellom anna at deltaking i plan- og budsjettprosessar, utgreiingar, forvaltning og fagleg bistand for øvrig vert finansiert gjennom sams vegadministrasjon.

Ytingar som går ut over oppgåver i lista under som inngår i sams vegadministrasjon, vert dekkja av Hordaland fylkeskommune.

- Forvaltning av byggjegrenser, avkjørsler, skilt og trafikkregulering
- Registreringar i nasjonale databasar
- Vegtrafikksentralane
- Innsamling og forvaltning av data frå faste installasjonar på riks- og fylkesvegar
- Byggherrefunksjonen for drift og vedlikehald
- Overordna planlegging og leiing, mellom anna:
  - Fylkesvegrådet
  - Regional Transportplan (RTP)
  - Investeringsprogrammet
  - Økonomiplan og budsjett

### 5.2 Finansiering av drift og vedlikehald

Drift av fylkesvegnettet vert finansiert av Hordaland fylkeskommune. Statens vegvesen sine ytingar knytt til drift og vedlikehald inngår i sams vegadministrasjon. Drift og vedlikehald er ofte sett på som eitt omgrep, men i denne samanhengen er det viktig å skilje dei oppgåvene. Med drift av vegnettet meiner ein alle oppgåver og rutinar som er naudsynte for at eit veganlegg skal fungere som planlagt. Dette er aktivitetar som brøyting, strøing med salt og sand, vask og reingjering, oppretting av skilt, stell av grøntareal, trafikkstyring, trafikantinformasjon osv. Med vedlikehald av vegnettet meiner ein tiltak for å oppretthalde standarden på vegdekke, vegoppmerking, grøfter, bruar, tunellar og tekniske anlegg/installasjonar i tråd med fastsette kvalitetskrav.

### 5.3 Finansiering av investeringar

Investeringar på fylkesvegnettet vert finansiert av Hordaland fylkeskommune, i tillegg til eksterne finansieringskjelder. Løyvingane til enkeltprosjekt går inn i dei årlege budsjetta, i samsvar med venta forbruk for dei einskilde åra. Dette inkluderer og kostnader til planlegging etter plan- og bygningsloven, prosjektering og byggherrerekostnader.

For bompengerinntekter, tilskot/forskot, kompensasjonsmidler og statlege tilskotsordningar: Eventuelt mindreforbruk i høve til rammene skal normalt overførast til etterfølgjande år.

For disponeringar innan programområde, fornying og opprusting har fylkesrådmannen fullmakt til å inngå fleirårige kontraktar. Dette for å sikre raskare og meir effektive prosessar, samt meir gunstige avtalar for gjennomføring av tiltak.

#### 5.3.1 Prosjektering av framtidige tiltak

For å sikre raskare framdrift av mindre tiltak under programområda, fornying og opprusting vert det foreslått at ein kan starte prosjektering i inneverande år, men at løyvinga til prosjektet kjem i investeringsprogrammet for påfølgjande år. På denne måten kan ein sikre større fleksibilitet både i planlegging, prosjektering og gjennomføring av dei ulike tiltaka i programområda og fornying og opprusting.

## 5.4 Generelle reglar

Ytingar og løyvingar vert definert i dei årlege leveranseavtalane. Løyvde midlar, samt tilskot og forskoteringar, vert utbetalt frå Hordaland fylkeskommune etter rekvisisjon (kassaforsterkning) frå SVV Region vest på ein slik måte at likviditeten svarar til framdrifta både innanfor drift/vedlikehald og investeringar.

HKF rekvirerer tilskot og forskot hos private og kommunar, og kjem såleis til frådrag i kassaforsterkninga.

Avvik skal rapporterast gjennom tertialrapportane. Det må visast skjønn ved kvart einskild prosjekt. Hovudfokus skal være på avvik i store prosjekt, disse må forklarast i tekst. Dette gjeld både kostnad, kvalitet og framdrift.

Store avvik i store prosjekt i leveranseavtalen vert å rapportere til Hordaland fylkeskommune så snart som råd er, seinast i nærmeste fylkesvegråd.

## 6 Økonomiske fullmakter

### 6.1 Innleiing

Det er utarbeidd ein fullmaksstruktur som skal ivareta samarbeidet mellom Partane på ein best mogleg måte i det løypande arbeidet med fylkesvegnettet. Med omsyn til økonomiske fullmakter, gjeld dette forhold knytt til inngåing av kontraktar, kjøp og sal av eigedom og erstatning.

Sjå vedlegg 2 (fullmaksdokument) for nærmere omtale av fullmakter SVV Region vest har på vegne av Hordaland fylkeskommune.

### 6.2 Kontraktar

#### 6.2.1 Investeringsprosjekt

Fylkesrådmannen sine fullmakter til å inngå kontraktar er vidaredelegeret til regionvegsjefen.

Prosjekt med kostnadsramme over 400 millionar kroner (inklusiv mva) etter gjennomført anslag skal leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning. Dersom nytt kostnadsoverslag etter innkomne tilbod viser seg å vera 15% høgare enn godkjent ramme, må saka leggjast fram for ny godkjenning i fylkesutvalet. Dette gjeld ikkje prosjekt som inngår i bompengepakkar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å setje i gang andre fylkesvegprosjekt som er vedtatt i budsjett og investeringsprogram.

Regionvegsjefen har fullmakt til å setje i gang prosjekt som er omtalt i leveranseavtalen.

SVV skal leggja fram til HFK utkast til avtalar med tredjepartar; utbyggingsavtalar, gjennomføringsavtalar og tilsvarande avtalar som medfører kostnader eller risiko for Hordaland fylkeskommune, før signering.

#### 6.2.2 Kontraktar for drift og vedlikehald

Fylkesrådmannen har fullmakt til å lysa ut og inngå fleirårige kontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Fullmakta er vidaredelegeret til regionvegsjefen, under dei føresetnader som er presisert under:

- Fylkeskommunen sin strategi for drift og vedlikehald skal ligge til grunn for innhaldet i kontraktane for drift og vedlikehald.
- Før utlysing av nye driftskontraktar for fylkesvegnettet skal det leggast fram sak i fylkesutvalet for godkjenning.
- Regionvegsjefen følgjer opp arbeidet med konkurransegrunnlag og val av leverandørar, og kvalitetssikrar arbeidet både før utlysinga og før val av entreprenør.

For å sikre erfaringsoverføring og einskapleg praksis, ønskjer Hordaland fylkeskommune å verte halde orientert om arbeidet med kontraktsgrunnlaget og måten det vert kvalitetssikra på.

### 6.3 Kjøp og sal av eigedom

Statens vegvesen Region vest har fullmakt til å gjennomføra kjøp og sal av eigedom som er naudsynt i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar. SVV har fullmakt til å representera fylkeskommunen som eigar av veiegedommar og vegprosjekt sine eigedommar.

## 6.4 Erstatning utanfor kontrakt og avkall på krav

Statens vegvesen Region vest har fullmakt til utanrettsleg handsaming av krav på erstatning eller anna betaling og etterjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp under kr 1.000.000.

## 7 Andre fullmakter

Statens vegvesen Region vest har andre fullmakter på vegne av Hordaland fylkeskommune innanfor følgjande område:

- Prosjektering og bygging av veg (inkl. HMS)
- Forvaltning av vegen (avkørsler, byggjegrenser, dispensasjoner, eigendomsforvaltning, HMS, etc.)
- Administrative støtteprosessar (erstatning, fråfall av krav)
- Delegasjon i plansaker
- Bru- og tunellforvaltninga
- Regional tryggleikansvarleg for tunell
- Anmelding av hærverk
- Fråvik frå vegnormal (bør-krav)

Sjå vedlegg 2 for nærmere omtale og definering av SVV Region vest sine fullmakter på vegne av Hordaland fylkeskommune.

## 8 Styring

### 8.1 Styring av bompengepakkar for fylkesveg

Stortingsproposisjonen legger rammene for kvar bompengepakke. Det er ei målsetting at alle nye og reviderte bompengepakkar skal styrast på eins måte. Det er utarbeida ein mal for mandat som skal nyttast ved oppstart av nye bompengepakkar og ved revisjon av eksisterande. Mandatet kan tilpassast, men skal som eit minimum innehalda desse punkta:

- Organisering
  - Roller og ansvar
  - Møtefrekvens
  - Fast agenda
  - Rapportering
  - Føringar ved dissens
- Mandat
  - Omdisponeringar, endringar og justeringar av tiltak
- Liste over bompengepakken sine prosjekt
  - Priorert liste
- Økonomi
  - Regulering av takstar
  - Inntekter i pakken, inklusiv rutinar for rapportering
  - Oversikt over disponibele midlar

Bypakkar vert organisert og styrt på annan måte.

## 8.2 Styring av store prosjekt

Når det gjeld prosjekt som Fylkesvegrådet har definert som «store prosjekt» skal det etablerast eigarstyringsmøte. Føremål med eigarstyringsmøta er at HFK som vegeiger skal vere oppdatert på prosjektet si framdrift og økonomi. Prosjekta vert utover dette styrt i linja hjå SVV.

### 8.2.1 Bakgrunn:

HFK vil komma tettare på dei større fylkesvegprosjekta. Målsettinga er å få meir kunnskap om dei store og mest risikoutsette prosjekta i ein tidleg fase, og kunne styre desse betre frå planleggingsfasen.

### 8.2.2 Deltakarar:

Frå SVV bør prosjekteigar og prosjektleiar delta i møte. I tillegg vil staben ved Vegavdeling Hordaland vera representert. Frå HFK skal vegseksjonen vera representert. SVV kallar inn til møta og skriv referat. Prosjektleiar frå SVV har ansvar for å utarbeide underlag og presentere dette i møtet.

### 8.2.3 Fast agenda på møta:

- Godkjenne referat
- Synfaring/bilde
- Status HMS
- Status framdrift/risikovurdering
- Status økonomi/risikovurdering
- Vedtak/milepålar
- Dato for neste møte
- Eventuelt

### 8.2.4 Frekvens:

2-4 gongar i året, avhengig av endringar i prosjektet. Det er ein fordel om minst eit av møta er på anlegget.

### 8.2.5 Presisering

Det skal ikkje vere dobbel styring av prosjekta i Hordaland. Det skal ikkje vere eigarstyringsmøter for prosjekt som inngår i ein bompengepakke. Då skal bompengepakken si styringsgruppe fylle dette mandatet.

## 8.3 Rekneskapsprinsipp

Statens vegvesen og fylkeskommunane har ulike reglar og rutinar for rekneskapsføring. SVV rapporterer etter eit anordningsprinsipp for å tilpasse seg til HFK sin praksis.

Det er gjort avklaringar i høve til:

- Harmonisering av kontoplaner
- Harmonisering av KOSTRA
- Budsjettet tildeling med meirverdiavgift
- Rapportering etter anordningsprinsippet
- Rekneskapsmessig rapportering og handsaming av meirverdiavgift
- Overføring av rekneskapsinformasjon frå SVV til HFK med tilhøyrande rutinar

## 9 Rapportering

### 9.1 Tertiell- og årsrapportering

Tertiell- og årsrapportering er rapportering med utgangspunkt i gjeldande Leveranseavtale mellom HFK og SVV. Statens vegvesen skal som eit minimum rapportere på gjennomførte tiltak innanfor følgjande område:

- Store strekningsvise prosjekt
  - Inkl. bompengepakkar
- Rassikringsprosjekt
- Fornyng og opprusting
- Drift og vedlikehald

SVV skal rapportere på:

- Opphavleg budsjett (vedteke i desember året før), samt budsjettendringar gjennom året.
- Status (forbruk hittil i år og resultatoppnåing)
- Prognose på forbruk for året/årsforbruk
- Avvik frå årbudsjett
  - Forklaringar (endring i framdrift og/eller endring i kostnadsramme må kome fram)
  - Forslag til prioriteringar og tiltak for vidare framdrift, med omtale av konsekvensar.

Prosjekt som går over fleire år, skal også innehalde forbruk frå tidligare år (akkumulert forbruk).

For store strekningsvise prosjekt og rassikringsprosjekt som går over fleire år, skal det i tillegg rapporterast:

- Totalprognose med utgangspunkt i godkjent kostnadsramme
- Endring i risiko og usikkerheit i forhold til godkjent kostnadsramme

### 9.2 Oppfølging av rapportering

Hordaland fylkeskommune skal ved behov gje tilbakemelding på rapporteringa i fylkesvegrådet og eventuelt i eigne fora, med nødvendige avklaringar om oppfølging. Siste tertiellrapport skal i tillegg ha funksjon som årsrapport, med oppsummering av rapportering for heile året.

Begge parter har rett til å be om ekstra møte der dette vert sett som naudsynt. Hordaland fylkeskommune skal varslast dersom:

- Ein eller fleire av leveransane som går fram av denne avtalen ikkje kan leverast
- SVV gjennom budsjettåret oppdagar forhold ved leveranseavtalen som gjev ikkje ønska effekt med omsyn til optimal ressursbruk

### 9.3 Sluttrapportar

SVV skal sende økonomiske sluttrapportar på prosjekt med totalbudsjett over 50 millionar kroner inkl. mva. Det skal også leverast sluttrapport på prosjekt med totalbudsjett på over 25 millionar kroner inkl. mva der rekneskapen har ei overskridning på meir enn 10% samanlikna med budsjett. Sluttrapport skal normalt liggje føre innan seks månader etter sluttoppgjer/vegopning.

## 9.4 Leveranseavtale

Det vert vist til årleg leveranseavtale for nærmere spesifisering av krav til rapportering. Leveranseavtalen skal oppdaterast fortløpende ved budsjettendringar i løpet av året. SVV legg frem forslag til justeringar av leveranseavtalen, og HFK godkjenner denne.

Årshjulet med fristar for rapportering skal ligge som eit vedlegg til leveranseavtalen.

## 9.5 Avvikshandtering

Dersom det i løpet av avtaleperioden oppstår avvik i høve til framdrift, kostnad eller kvalitet eller er fare for at ramme- eller leveranseavtalen ikkje vil bli oppfylt på eitt eller fleire viktige punkt, skal SVV utan opphald varsle Hordaland fylkeskommune. SVV skal foreslå tiltak for å korrigere situasjonen.

## 9.6 Årsmelding

SVV skal rapportere til Hordaland fylkeskommune si årsmelding, og til samferdselsavdelinga si årsmelding for fylkesvegane utanom Bergen.

I Bergen gjeld egne rutinar fastsett i den til ei kvar tid gjeldande bypakke.

SVV Region vest skal utarbeide eit fagleg grunnlag til fylkeskommunen si årsmelding for føregåande år etter dei krav som gjeld for Hordaland fylkeskommune sine tidsplanar for årsrapportering.

Frist for levering av innspel til årsmeldingane for føregåande år vert sett i årshjulet, og vert handsama politisk i Fylkestinget i juni. Grunnlaget til årsmeldingane vert å gjennomgå på første oppfølgingsmøte etter levering.

## 9.7 Anna rapportering

Anna rapportering er omtalt i årshjulet, som ligg som eit vedlegg til leveranseavtalen.

## 10 Endringar i avtalen

Begge Partane har høve til å ta initiativ til endringar i avtalen som ligg føre. Det vert lagt til grunn at rammeavtalen vert vidareutvikla i eit samspel mellom Partane.

## 11 Avtalelengd

Rammeavtalen gjeld til den vert erstatta av ein ny avtale. Avtalen bør evaluerast årleg.

## 12 Underskrift

Denne avtalen er i to eksemplar, der Partane får kvart sitt eksemplar.

Stad  
Dato

Bergen,  
27. juni 2018

Ingrid Hahn Svendsen  
Hordaland fylkeskommune

Stad  
Dato

Bergen  
5. juli 2018

Statens vegvesen Region vest

Helge Eidsvæs

## 13 Vedlegg 1: Rolle- og oppgåvedeling mellom HFK og SVV Region vest

### 13.1 Bakgrunn: Generelt om rolle- og oppgåvedeling

Forvaltningsreforma som vert gjort gjeldande frå 1. januar 2010, stadfestar at Statens vegvesen skal halde fram som sams vegadministrasjon for stat og fylkeskommune. Erfaringar sidan 2010 tilseier at det er viktig for fylkeskommunen å ta eit sterkare grep om ansvaret innanfor samferdsel og å styrke si eiga rolle som vegeigar.

Samferdselsområdet er eit tungt ansvarsområde for fylkeskommunen, og det er viktig at fylkeskommunen er ein aktiv vegeigar. Dette inneber at fylkeskommunen sin eigen administrasjon må ha god kunnskap om fylkesvegnettet på eit overordna nivå, spesielt innanfor følgjande område:

- Behov på vegnettet (både investeringar og drift og vedlikehald)
- Status på investeringsprosjekt som er under planlegging eller bygging
- Status på driftssituasjonen (gjeldande Kontraktar for drift og vedlikehald, driftsstandardar, etc.)
- Status på vedlikehaldssituasjonen
- Status og utfordringar innanfor fornying og opprusting
- Disponering av midlar som er stilt til rådvelde gjennom budsjett

### 13.2 Kontraktar for drift og vedlikehald

Gjennomføring av driftsoppgåver er sett ut på anbod til entreprenørar gjennom kontraktar for drift og vedlikehald.

I budsjettsamanheng er det sett av ein viss sum til drift og vedlikehald av vegnettet. Driftsoppgåver som sikrar trafikktryggleiken har høgaste prioritet. Midlar til ulike vedlikehaldstiltak vert fordelt og prioritert ut frå tilgjengelege midlar etter at kostnader til kontraktane for drift og vedlikehald er dekt inn.



	Rolle- og oppgåvedeling		
Arbeidsoppgåver	Rolle – fylkeskommunen	Rolle – Statens vegvesen	Merknad
<i>Ekstern kontakt med kommunar, næringsliv, private, media osv.</i>	Overordna spørsmål knytt til løyvingar og prioriteringar.  Kontakt med kommunar, næringsliv osv. for drøfting av behov, vidare planlegging, løysingar, finansiering m.m. for evt. prioritering av aktuelle investeringstiltak i budsjett, Investeringsprogrammet	Kommunikasjon knytt til oppgåver som gjeld planlegging, bygging og drift/vedlikehald av vegnettet.	I all kontakt med kommunar, næringsliv og organisasjonar er fylkeskommunen og vegvesenet avhengige av eit tett samarbeid. SVV må som hovudregel delta på møte av overordna karakter saman med fylkeskommunen. På same måte skal HFK delta eller vere informert om møte der SVV i utgangspunktet er kontaktpunkt.  Samferdselsavdelinga i HFK skal alltid informerast om møte på politisk nivå, i forkant av møtet. Dette gjeld også møte som potensielt gjev økonomisk konsekvens.
Namnesaker	Ansvarleg for koordinering og saksframlegg til Fylkesutvalet. Behandle namnesaker frå kommunar.	Initiere namnesak på nytt anlegg.	

	<b>Rolle- og oppgåvedeling</b>		
<b>Arbeidsoppgåver</b>	<b>Rolle – fylkeskommunen</b>	<b>Rolle – Statens vegvesen</b>	<b>Merknad</b>
<i><b>Planlegging</b></i>	Utarbeide 12-årig (4+4+4) Regional Transportplan (RTP).	Utarbeide fagleg grunnlag for arbeidet, og delta i sekretariatet for RTP.	Utarbeiding av RTP med handlingsprogram vil alltid skje i nært samarbeid og gjennom felles prosesser mellom SVV og HFK. Det vil som hovedregel vere HFK som har sekretariatsfunksjon og som har det redaksjonelle ansvaret for sluttproduktet.
	Utarbeide årleg rullerende investeringsprogram.	Utarbeide fagleg grunnlag for arbeidet, og bidra i prosessen med å utarbeide investeringsprogrammet.  Ha ei aktiv rolle i høve til behovsvurderinger, kva type temaplanar som bør utarbeidast, etc.	SVV si rolle i høve til å inngå kontraktar (utarbeiding av plandokument v/konsulent) vert formalisert gjennom fullmaktsreglementet.
	Bestille planlegging	Utarbeide reguleringsplanar for investeringsprosjekt	
<i><b>Budsjettarbeid og budsjettjusteringar</b></i>	Fastsetje årleg budsjett og økonomiplan for investeringar, drift/vedlikehald.  Legge fram saker om budsjettjusteringar gjennom året ut frå gjeldande fullmaktsreglement for budsjettjusteringar (sjå under merknad)	Utarbeide underlagsdata og andre faglege bidrag til budsjettarbeidet.  Utarbeide dokumentasjon for budsjettjusteringar gjennom året.	Fylkesrådmannen har administrativ fullmakt til å omdisponera mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda og disponera avsett sum til rebudsjettering (vedteke fylkestinget 15.10.2013)

Leveranseavtalen	HFK sender melding om politiske og administrative vedtak til SVV.  Godkjenner leveranseavtalen.	Utarbeider forslag til leveranseavtale og oppdaterer talbudsjettet.  Utarbeider forslag til endringar gjennom året.	Sjå prosedyre for detaljar.
------------------	---	---	-----------------------------

<b>Rolle- og oppgåvedeling</b>			
<b>Arbeidsoppgåver</b>	<b>Rolle – fylkeskommunen</b>	<b>Rolle – Statens vegvesen</b>	<b>Merknad</b>
<i>Investeringstiltak</i>	<p>Fastsetje byggjedelen av Investeringsprogrammet.</p> <p>Bidra til utarbeiding av underlagsdata for infrastrukturtiltak.</p>	<p>Utarbeide underlagsdata og andre faglege bidrag for byggjeprogrammet.</p> <p>Lage forslag til byggjedelen av Investeringsprogrammet.</p> <p>Gjennomføring av anbodsinnhenting og kontraktsinngåing for utbyggingsprosjekt dersom ikke anna er avtalt.</p>	<p>For prosess og gjennomføring, sjå over.</p> <p>SVV si rolle i høve til å inngå kontraktar vert formalisert gjennom fullmaktsreglementet.</p>
<i>Drift/vedlikehald</i>	<p>Fastsetje vedlikehaldsstrategi.</p> <p>Vedlikehaldsstrategien skal ligge til grunn for utforming av årleg vedlikehaldsprogram som vert utarbeidd av Statens vegvesen.</p> <p>Utarbeide driftsstrategi som skal ligge til grunn for utforming og oppfølging av kontraktane for drift og vedlikehald.</p>	<p>Fagleg underlagsdata og kompetanse i høve til utarbeiding av strategiar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.</p> <p>Utarbeide og gjennomføre årleg vedlikehaldsprogram innanfor rammene av vedteke vedlikehaldsstrategi og budsjett.</p> <p>Inngåing og oppfølging av kontraktar for drift og vedlikehald.</p>	<p>På dette området vil meir av arbeidet kvile på Statens vegvesen. Det er ikkje ønskjeleg at fylkeskommunen byggjer opp eigen kompetanse til sjølv å kunne utarbeide detaljerte planar for gjennomføring, til dømes årlege vedlikehaldsprogram.</p> <p>Fylkeskommunen skal med hjelp frå SVV bygge opp kompetanse til å kunne vere fagleg samttalepart på overordna nivå, både innanfor drift og vedlikehald.</p> <p>Fylkeskommunen si rolle vert spesielt viktig i høve til spørsmål om drift, inkludert å definere retningsliner for innhald og oppfølging av kontraktar for drift og vedlikehald.</p> <p>SVV si rolle i høve til å inngå kontraktar vert formalisert gjennom fullmaktsreglementet.</p>



Rolle- og oppgåvedeling			
Arbeidsoppgåver	Rolle – fylkeskommunen	Rolle – Statens vegvesen	Merknad
Økonomistyring og rapportering	Følge opp og vidareutvikle rutinar for økonomistyring og rapportering med omsyn til framdrift og eventuelle økonomiske avvik.	Utarbeide dokumentasjon i rapportering på forbruk, resultat, avvik osv.	Sjå årshjul som er vedlagt årleg Leveranseavtale for rapportering mellom HFK og SVV.
Forvaltning	HFK skal gje løpende melding til SVV om politiske vedtak som vedkjem fylkesvegnettet. Ansvar: Sakshandsamar i HFK.	SVV oppdaterer aktuell sak.	
	Høyringsinstans i arealplanar og andre type planar.	Handsame arealplanar og andre type planar.	I prinsipielle saker og i saker som kan ha stor innverknad for fylkeskommunen, skal SVV ta planen opp i planforum.
	Vedta retningslinjer i samband med byggegrenser og avkjørsler.	Handsame byggegrenser, avkjørsler, skilt, trafikkregulering inkludert aksellast og registrering i Vegdatabanken, bru og tunellregisteret. SVV skal gje løpende melding til HFK om vedtak som vedkjem fylkesvegnettet.	Dette inngår i Sams vegadministrasjon, jf brev fra Vegdirektoratet til Samferdselsdepartementet 2.juli 2009.
		Sakshandsaming på oppgåver avkjørsselsaker, enkle byggesaker og liknande.	Fylkesutvalet er klageorgan for saker knytt til fylkesvegnettet.
		Handsaming av data fra faste installasjoner på fylkesveg som trafikktelejingsutstyr og ver/klimastasjonar.	Dette inngår i Sams vegadministrasjon, jf brev fra Vegdirektoratet til Samferdselsdepartementet 2.juli 2009.
		Drift av ATK (automatisk trafikkontroll).	Dette inngår i Sams vegadm. Jf brev fra Vegdirektoratet til Samferdselsdepartementet av 02.07.09.
	Ansvarleg for klagehandtering, gjennom klagenemnda slik den fungerer i dag.	Utarbeide fagleg underlag for vidare handsaming i klagenemnda.	
	Handsome søknad om fråvik frå SVV sine vegenormalar (skal-krav)	RVS handsamar bør-krav og oversender HFK. RVS foreslår behandling av skal-krav til HFK.	Gjeld berre vegenormalar som er definert som forskrift etter §13 i Veglova.

<b>Rolle- og oppgåvedeling</b>			
<b>Arbeidsoppgåver</b>	<b>Rolle – fylkeskommunen</b>	<b>Rolle – Statens vegvesen</b>	<b>Merknad</b>
<i>Kriseberedskap og ROS-arbeid:</i>	Ansvar for overordna ROS-arbeid og kriseberedskapsplanlegging på fylkesvegnettet.	Gjennomføring av ROS-arbeid og utarbeiding av operative kriseberedskapsplanar på fylkesvegnettet basert på rammer gitt av fylkeskommunen.	<p>Statens vegvesen må basere sitt operative ansvar innanfor ROS og kriseberedskap på HFK sine overordna styringsdokument, mellom anna: Transport-ROS i Hordaland Overordna plan for kriseberedskap i HFK</p> <p>Om varslingsrutinar: Ved kriser der SVV sin avdelingsdirektør i Hordaland vert orientert, skal Fylkesdirektør samferdsel i HFK også orienterast.</p>
<i>Informasjon</i>	Presentasjon av prosjekt og planarbeid på internett/ trykksaker osv. inkludert Mediekontakt.	<p>Stå for drift av vegtrafikksentralen (VTS).</p> <p>Utarbeide fagleg underlag til fylkeskommunen sitt informasjonsarbeid.</p> <p>Informasjon knytt til dagleg drift og utbygging av veggnettet, trafikantinformasjon, nabovarsel, grunneigarar, etc.</p> <p>Informasjon knytt til praktisk gjennomføring av planprosessar.</p>	Rolledelinga som er foreslått i punkt 1 (ekstern kontakt) vil og kunne vere retningsgjevande for rolledelinga i informasjonssaker.
<i>Vegopningar</i>	Avklare dato og forestå vegopningar	Praktisk tilrettelegging av vegopningar.	Følgje opp rutinar for felles profilering i samband med vegopningar.
<i>Ferjedrift</i>	Fylkeskommunen har ansvar for ferjedrift på fylkesvegnettet i Hordaland.	Drift og vedlikehald av ferjekaier vert forvalta av SVV.	Utarbeiding av samarbeidsrutinar med SVV om behov knytt til infrastruktur på land.
<i>Trafikktryggleik</i>	Leiarskap FTU	<p>Planlegging og praktisk gjennomføring av ts- tiltak i samsvar med budsjett og overordna planar.</p> <p>Følgje opp eventuelle statlege føringar om særskilt sektoransvar innanfor trafikksikring.</p>	Statens vegvesen og HFK må i fellesskap finne praktiske løysingar for prioritering av ts-midlar.

## 14 Vedlegg 2: Fullmaksstruktur

### 14.1 Bakgrunn

I saker som vedkjem fylkesvegnettet er Statens vegvesen underlagt fylkeskommunen som vegeigar. Jf. prinsippet om sams vegadministrasjon er tilsette i Statens vegvesen i desse sakene å rekne som fylkeskommunen sin administrasjon.

Fullmakter som skal vidaredelegerast til regionvegsjefen (RVS) må i første instans vere delegerte til fylkesrådmannen. Delegasjon til fylkesrådmannen går fram av sak i Fylkestinget 08. desember 2016. Fullmaksstrukturen er todelt – fullmakter til fylkesrådmannen, og vidaredelegering til regionvegsjefen der dette er aktuelt.

Det er grunn til å presisere at strukturen for delegering av oppgåver til regionvegsjefen i all hovudsak er ei vidareføring og formalisering av gjeldande praksis for forvaltning av fylkesvegnettet.

Delegeret mynde kan når som helst trekkjast attende. HFK kan også krevje å få ei enkelt sak til avgjerd, sjølv om avgjerdsmynget er delegeret. SVV skal også alltid vurdere om ei sak er så viktig eller prinsipiell at ho bør leggjast fram for fylkeskommunen for avgjerd, sjølv om mynde er delegeret.

### 14.2 Vidaredelegering

Delegeret mynde kan delegerast vidare dersom ikkje anna er omtalt i fullmaksmatrisa under.

## 14.3 Fullmakter relatert til anskaffingar

Stikkord/tema	Omtnale	Delegert til	Lovheimel	Merknader
<i>Kontraktsarbeid, investeringsprosjekt</i>	Fullmakt til å gjennomføre heile anskaffingsprosessen i samband med investeringsprosjekt	RVS	Lov og forskrift om offentlige anskaffelser	Gjeld investeringsprosjekt som er omtalt i leveranseavtalen med vedlegg.
<i>Kontraktsarbeid, drift og vedlikehald</i>	Fullmakt til å gjennomføre heile anskaffingsprosessen i samband med flerårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald	RVS	Lov og forskrift om offentlige anskaffelser	Fullmakt gjeld og for andre flerårige kontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.  Fylkeskommunen sin driftsstrategi skal ligge til grunn for innhaldet i kontraktane. Overordna rammer for konkurransegrunnlag skal godkjennast av fylkesrådmannen.
<i>Kontraktsarbeid, investeringsprosjekt og drift og vedlikehald</i>	Fullmakt til å ivareta fylkeskommunen sine interesser i KOFA i anskaffingar gjort på vegne av fylkeskommunen	RVS	Lov og forskrift om offentlige anskaffelser og Forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffelser	

## 14.4 Grunnerverv og egedomsforvaltning

<b>Stikkord/tema</b>	<b>Omtnale</b>	<b>Deleget til</b>	<b>Lovheimel</b>	<b>Merknader</b>
<b>Grunnerverv</b>	Kjøp og sal av egedom	RVS		Avtalte budsjettrammer og kvalitetssystemet elles regulerer forholdet til oppdragsgjever nærmere.
<b>Grunnerverv</b>	Tinglysning	RVS	Lov om tinglysning av 07.06 1935 nr. 2	
<b>Grunnerverv</b>	Langsiktige egedomskjøp	RVS		Kjøp knytt til planlegging, ikke bygging. Her ligg ikke føre delegering, må avklarast i kvart einskild tilfelle med HFK dersom SVV ikke har ei aktuell bevilgning på prosjektet
<b>Grunnerverv</b>	Vedtak om forundersøkingar	RVS	Jf. Oreigningslova av 23.10.1959 nr. 3 § 4	
<b>Grunnerverv</b>	Vedtak om egedomsinngrep	RVS	Jf. Veglova av 21.06.1963 nr. 23 § 50 Forskrift-1981-09-11 nr.8603	Kan ifølge fullmakt vidaredelegerast, men dette vert ikke gjort i dag (vedtak fattast av regionvegsjefen).
<b>Grunnerverv</b>	Krav om skjønn	RVS	Skjønnsprosesslova av 01.06.1917 nr. 1	
<b>Grunnerverv</b>	Krav om overskjønn	RVS	Skjønnsprosessloven § 32, fr § 48	
<b>Grunnerverv</b>	Engasjement av juridisk bistand	RVS		
<b>Grunnerverv</b>	Søknad om forhåndstiltreding	RVS	.	
<b>Grunnerverv</b>	Krav om tiltaksjordeskifte, jf. Jordeskifteleova 5a	RVS	Mynde etter jordeskifteleova § 5, 9. ledd.	
<b>Grunnerverv</b>	Fullmakt til å representere fylkeskommunen som eigar av vegegedommar og vegprosjekt sine egedommar	RVS	Egedomsforvaltning, samt rettslege disposisjonar innan tinglysningslovgivning, skjønnslovgivning, jordeskifteleovgivning, matrikkelloven samt innan plan- og bygningsloven § 21-2	

<b>Grunnerverv</b>	Oppmåling av eideomsgrenser langs fylkesveg, rett til å styre oppmålingsforretning	RVS	Matrikkelloven og skriftleg fullmakt frå vedkommande kommune	
<b>Grunnerverv</b>	Mynde til å ettergi for mykje utbetalt erstatning, inntil kr 50.000	RVS		
<b>Grunnerverv</b>	Krevje gjerde flytta etter vederlag	RVS	Vegloven § 44	
<b>Grunnerverv</b>	Bestemme plassering av gjerde	RVS	Vegloven § 45	
<b>Grunnerverv</b>	Fullmakt til å tvangfullbyrde skjønn eller forhåndstiltredelse	RVS	Rettskraftig skjønn eller tillatelse etter oreigningsloven § 25.	
<b>Grunnerverv</b>	Fullmakt til å bekrefte eigarforhold til veggrunn ved eigenerklæring	RVS	Tinglysingsloven § 38b	
<b>Eideomsforvaltning</b>	Fullmakt til å krevje jordskifte	RVS	Jordskiftelova	
<b>Eideomsforvaltning</b>	Fullmakt til å krevje oppmålingsforretning	RVS	Matrikkellova av 03.09.2012 nr. 56 § 9	
<b>Eideomsforvaltning</b>	Sal/makeskifte av eideom (som ikkje inngår i grunnerverv på prosjekt med eige budsjett)	RVS		

## 14.5 Prosjektering og bygging av veg

<b>Stikkord/tema</b>	<b>Omtale</b>	<b>Delegert til</b>	<b>Lovheimel</b>	<b>Merknader</b>
<i>Byggherreansvar</i>	Fullmakt til å følge opp byggherreansvaret i ihht. kontrakt	RVS	Ihht. kontrakt	
<i>HMS</i>	Fullmakt mynde til å utøve HMS-ansvar byggherreoppgåver	RVS	Handbok R760 Forskrift 03.02.2009 nr. 1028 (byggherreforskriften) med heimel i arbeidsmiljøloven av 17.06.2005 nr. 62	

## 14.6 Brannvern i tunellar, el-anlegg, elektronisk kommunikasjon

<b>Stikkord/tema</b>	<b>Omtale</b>	<b>Delegert til</b>	<b>Lovheimel</b>	<b>Merknader</b>
<i>HMS</i>	Fullmaktsmynde til å utøve HFK sine rettar og pliktar i samsvar med lov om elektronisk kommunikasjon	RVS	Lov om elektronisk kommunikasjon av 04.07.2003 nr. 83 (Ekomloven)	
<i>HMS</i>	Fullmaktsmynde til å utøve brann og eksplosjonsvern	RVS	Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver av 14.06.2002 nr. 20 (Brann- og eksplosjonsvernloven)	
<i>HMS</i>	Fullmaktsmynde til å utøve tilsyn med elektriske anlegg	RVS	Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr av 24.05.1929 nr. 4 (el-tilsynsloven)	

## 14.7 Forvaltning av vegar

Stikkord/tema	Omtale	Dele-gert til	Lovheimel	Merknader
<b>Avkjørsle</b>	Påbod om flytting/endring, regulering av bruk.	RVS	Vegglova av 21.06.1963 nr. 23 § 41 Endring av lovleg avkjørsle mot vederlag	Fullmakt ihht. vegl. § 41
<b>Avkjørsle</b>	Påbod om stenging/ending/flytting	RVS	Vegglo § 42. Når avkjørsle bygd/nyttा i strid med føresegner/vilkår.	Fullmakt ihht. vegl. § 42, 1 ledd jf. 2. ledd.
<b>Avkjørsle</b>	Løyve til bygging/bruk – holdningsklasse 1-4	RVS	Vegglo § 40 jf § 43 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørslesaker for riksveg. Når det ikke ligg føre reguleringsplan.	Fullmakt ihht. vegl. § 40
<b>Byggegrense</b>	Avgjere tvil om midtline av veg; fastsetje avvikende byggegrense for fylkesvegstrekning og vegkryss	RVS	Vegglova av 21.06.1963 nr. 23 § 29, 2., 3., 4., 5. ledd.	
<b>Byggegrense</b>	Løyve til plassering av større innretning innanfor byggegrense	RVS	Vegglo § 30	Fullmakt ihht. vegl. § 30, 1 og 2. ledd, jf. 3. ledd.
<b>Byggegrense</b>	Påbod om fjerning av innretning (jf. vegl. §§ 30 og 32)	RVS	Vegglo § 36, § 37.	Fullmakt ihht. vegl. §§ 36 og 37
<b>Byggegrense</b>	Påbod om fjerning av vegetasjon innanfor byggegrense	RVS	Vegglo § 31, 2. og 3. ledd	Fullmakt ihht vegl. § 31, 1. ledd, jf. 5. ledd.
<b>Ferist m.m.</b>	Løyve til ferist eller grind, påbod om fjerning	RVS	Veggloven § 48	Fullmakt ihht. vegl. § 48
<b>Gjerde</b>	Oppsetting. Pålegg til nabo om oppsetting, flytting, endring, fjerning. Løyve til / pålegg om avvik fra standardutforming.	RVS	Vegl. §§ 44-47 og Forskrift	
<b>HMS</b>	Byggherrevakt	RVS		Følgjer driftskontrakt.
<b>HMS</b>	Fullmakt til å utøve byggherreoppgåver drift og vedlikehald.	RVS	Jf. Arbeidsmiljøloven Forskrift 03.08. 2009 nr. 1028 om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (byggherreforskriften).	

<b>Leidningar m.m.</b>	Løyve til plassering av leidning m.m over, under, langs veg meir enn 3m	RVS	Vegloven, § 32	Fullmakt ihht. vegl. § 32, 1. ledd jf. 2. ledd.
<b>Leidningar m.m.</b>	Vedtak om at vegstrekning skal ha grense > 3m for løyvepliktig plassering av leidning m.m.	RVS	Vegloven, § 32	Fullmakt ihht. vegl. § 32, 1. ledd jf. 2. ledd.
<b>Reklame</b>	Løyve til plassering av reklame, pålegg om fjerning/endring.	RVS	Vegloven, § 33	Fullmakt ihht. vegl. § 33, 1,2,4 ledd, jf. 5 ledd.
<b>Skogsvirke</b>	Fastsetje vilkår for plassering av skogsvirke ved fylkesveg.	RVS	Vegloven, § 30, 4.ledd	
<b>Tiltak på egedomsområdet til offentleg veg</b>	Løyve til grunnarbeid, hogst eller andre inngrep, plassering av innretning, tømmer, stein, material o.l., tilførsls av drens- eller kloakkvatn, kasting av søppel (på egedomsområde og når sjenerande: nær veg)	RVS	Vegloven, § 57	
<b>Veg</b>	Belysning	RVS		
<b>Veg</b>	Gangfelt	RVS	Handbok	
<b>Veg</b>	Skiltvedtak	RVS	Handbok	
<b>Veg</b>	Søknad om graveløyve	RVS	Vegl. § 57 og Ledningsforskriften 08.10.2013 med heimel i lov 21.06.1963 nr. 23. (Evt. også Vegdirektoratet sin rettleiar «Ledninger i riksvei». Retningslinjer for fremføring av kabler og ledninger samt graving i offentlig veg)	
<b>Tunell</b>	Funksjonen som sikkerhetskontrollør og andre oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta for fylkesvegnettet	RVS	Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo av 10.12.2014 nr 1566 (tunellsikkerhetsforskrifta)	

<b>Bru</b>	Funksjonen som bruforvaltar på fylkesvegnettet er delegert.	RVS	Håndbok N401 - Bruforvaltning på fylkesveg	
<b>Fråvik frå vognormal</b>	Alle fråvikssaker som gjeld <b>bør-krav</b> vert avgjort av RVS på same måten som for riksvegar. RVS har delegert fullmakt til å ta avgjerd i høve til bør-krava i vognormalane.	RVS	Veglova § 13 (Anlegg av offentleg veg)	<b>Skal-krav</b> vert handsama av fråviksnemda og deretter sendt over til Samferdselsavelinga i HFK, som førebur sakene til handsaming i HFK. <b>Skal-krav</b> av prinsipiell tyding skal framleggas til Fylkesutvalet.

## 14.8 Erstatning utanfor kontrakt

Stikkord/tema	Omtale	Deleget til	Lovheimel	Merknader
<i>Erstatning utanfor kontrakt</i>	Fullmakt til å handsame og avgjere erstatningskrav retta mot HFK knytt til fylkesveg. Intil 1 mill. kroner for kvart skadetilfelle.	RVS	Lovfesta og ulovfesta erstatningsrett samt Håndbok R900	Fullmakta gjelder ikkje yrkesskader.
<i>Erstatning utanfor kontrakt</i>	Fullmakt til å avvise/avslå eit kvart krav på erstatning når ein meiner at vilkåra for erstatning ikkje er til stades. (Dette gjeld utan omsyn til kravet sitt omfang).	RVS	Lovfesta og ulovfesta erstatningsrett samt Håndbok R900	For det tilfelle at ei sak likevel reiser spørsmål av prinsipiell betydning, eller inneber ein viss prosessrisiko, kan saka oversendast HFK.
<i>Erstatning utanfor kontrakt</i>	Fullmakt til å fremme fylkeskommunen sitt krav mot andre (f.eks. skade på veg og veginnretningar) – ingen beløpsavgrensinger.	RVS	Lovfesta og ulovfesta erstatningsrett samt Håndbok R900	

<i>Erstatning utanfor kontrakt</i>	Fullmakt til å forlenge foreldesesfrist samt fråfalle foreldeses-innsigelse med inntil 3 år for dei krav SVV har fullmakt til å avgjere. Beløpsgrense: 1 mill. kroner.	RVS	Lov om foreldelse av fordringer av 18.05.1979 nr. 18, § 28	Alle saker av prinsipiell betydning skal leggjast fram for HFK til avgjersle uavhengig av kravet sin storleik.
<i>Erstatning utanfor kontrakt</i>	Erstatning for skade på eller tap av eignelutar i samband med tenesta Krav <=20.000	RVS		Berre for krav <= 20.000,-

## 14.9 Administrative støtteprosesser

<b>Stikkord/ tema</b>	<b>Omtale</b>	<b>Deleget til</b>	<b>Lovheimel</b>	<b>Merknader</b>
<i>Konfliktråd</i>	Møte til mekling i konfliktråd og til å inngå forlik	RVS		
<i>Krav - fråfall</i>	Avskriving av uerholdelige krav <= kr. 100.000	RVS		Fullmakta kan vidaredelegerast til nærmeste underordna når kravet <= 30.000 kr.
<i>Krav - fråfall</i>	Avskriving av uerholdelige krav konkurs/akkord. Krav <= kr. 100.000	RVS		
<i>Tvangs- inndriving</i>	Prosessfullmakt i samband med inkasso (pengekrav som ikke er omtvista).	RVS		Fullmakta omfattar uttak av forliksklage, representasjon ved handsaming i forliksråd og rett til å gjennomføre tvangsinndriving etter tvangsfullbyrdelsesloven.
<i>Økonomiske krav knytt til skip</i>	Sjøforklaring og arrest i skip i samband med at skip har valda betydeleg skade på Hordaland fylkeskommune sin eide dom.	RVS		Regionvegsjefen har fullmakt til å kontakte Sjøfartsdirekt. og be om at dei krev sjøforklaring. RVS har mynde til å krevje arrest i bestemt skip når kravet er sikra ved sjøpanterett.
<i>Lovbrot – påtale</i>	Fullmakt til å begjære påtale i saker som gjeld vegrelaterte saker på fylkesvegnettet og fremje borgarleg rettskrav som gjeld verdiar forvalta av Vegvesenet.	RVS, kan ikke vidare- dele- gerast		Merk at for dei fleste lovbroter det ikke krav om påtalebegjæring frå fornærma
<i>Lovbrot – anmelding</i>	Fullmakt til å anmeldre saker som gjeld lovbrot (herunder hærverk) på og ved fylkesvegnettet, og fremme borgarlege rettskrav som gjelder verdiar forvalta av SVV.	RVS	Straffeloven § 3, 3. ledd  For borgarlege rettskrav gjeld straffeprosessloven § 3	
<i>Beredskap</i>	Fullmakt til å setje i verk tiltak for å sikre framkomst på vegnettet ved brot på brusamband rundt Bergen. Dette gjeld førebygging, beredskap samt krisehandtering, jf. Beredskapsanalyse for bruforbindelsene rundt Bergen	RVS		Beredskapsanalysen var lagt ut på høring av fylkesutvalet 27.08.15, med utsett høyringsfrist til 18.12.15. Analysen med høyringssvar skal leggjast fram for fylkesutvalet for vedtak i 2016.

